



UTDANNINGS
FORBUNDET

Hordaland

Sak om Laksevåg vidaregåande skule

Vedtak PS 72-2016 i Fylkestinget 4.oktober 2016 er:

Den vedtekne samanslåinga av fagskulane til den nye «Fagskulen i Hordaland», vert saman med Bergen maritime vgs lokalisert ved dagens Laksevåg vgs. Rådmannen sitt alt. 2 ved Laksevåg vert tilpassa dette.

Rådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak til fylkestinget i desember 2016.

Då skulebruksplanen var oppe til rullering i oktober 2016, innstilte fylkesrådmannen på å leggja ned den studieførebuande delen av Laksevåg vgs. Alternativet var å leggja ned Olsvikåsen vgs. Det vart samstundes vedtatt at Fagskulen i Hordaland og Bergen maritime vgs skal flyttast til Laksevåg.

I sakspapira til fylkestingsmøtet 13.-14.desember, kan me lesa at fylkesrådmannen vil avvikla all aktivitet på Laksevåg vgs i dei tre åra ein skal bruka på å pussa opp skulen. Når det er ferdig, skal Fagskulen Hordaland og Bergen maritime vgs inn i dei nyoppussa bygga. Aktiviteten som i dag er på yrkesfagdelen av Laksevåg er føreslått flytta til Nye Åsane vgs.

Utdanningsforbundet Hordaland meiner det bra at det vert gjort investeringar i form av nye, moderne skulebygg i Laksevåg bydel. Det me reagerer på, og meiner er uryddig, er sjølv prosessen.

Tilsette ved Laksevåg vgs er uroa over det som no skjer. Informasjonsflyten og saksgangen har vore dårleg, og dei tilsette har ikkje hatt høve til å uttala seg slik alle kunne gjera då skulen var ein del av saka om skulebruksplanen.

Å ikkje vita kva som skjer med arbeidsplassen sin, er ei urimeleg belastning for dei tilsette.

Utdanningsforbundet Hordaland forventar at fylkeskommunen og fylkespolitikarane viser respekt for demokratiske prosessar i slike saker, slik at involverte partar for høve til å koma på bana.

Når ein avviklar all drift i tre år, er det i praksis ei nedlegging. Tilsette vert flytta på, og band vert brotne.

Utdanningsforbundet Hordaland tek for gitt at ingen tilsette vert sagt opp som følgje av endringane i skulebruksplanen.

Med helsing

Anita Knapskog

Fylkesleiar

Utdanningsforbundet Hordaland

Turid Strømmen

Kontaktperson VGO/fagskule

Utdanningsforbundet Hordaland